

Ordføreren sitt hjørne – januar 2012



Godt nytt år alle saman!

Ved starten av eit nytt år kan det vera naturleg å stille spørsmålet: «Kva vil det nye året gje oss»? Svaret veit me om eit år.

Hemsedal kommune har vedtatt budsjettet for 2012, og me har eit langtidsbudsjett for dei neste 4 åra. Det syner at me må ta store lyft på infrastruktur i tida som kjem. Dei 2 siste åra har folketalet vekse veldig mykje.

Me er den kommunen i Norge som har hatt størst prosentvis auke i folketalet dei 2 siste åra. Dette er moro, men også krevjande. Det er stor pågang etter byggeklare bustadtomter, og det er opna 4 nye barnehageavdelingar dei siste 2 åra. Det er ikkje plass for nye barnehagar på Ulsåk og Tuv utan tomteutvidingar.

På Ulsåk skal me no starte opp med revidering av reguleringsplan for det som heiter Ulsåk vest. I det området har me sentrumsfunksjonane rundt Fossheim og Kiwi, og me har barnehage og skule og også vegløyseringar for Lykkjavegen/R52. Det kan òg vera aktuelt å sjå på om det er mogleg å få fortetting med nye sentrumsnære bustadområder inn i den nye planen. Arbeidet startar med det fyrste, og etter kunngjering vil me gjerne ha innspel så tidleg som mogleg.

2 andre planer er også prioritert no i 2012. Den eine er områdeplan som omfattar vestre del av Trøim sentrum og austre del av Totteskogen, pluss korridor for heis opp i fjellet. Ein viktig plan som skal avklare ein del viktige funksjonar for

dette området - Reguleringsplanen for Trøim sentrum er 11 år gamal.

Reguleringsplanen for Totteskogen og nedfart er nyare, men koordineringa mellom desse planane er ikkje god nok. I seinare tid er det også andre aktuelle tema som er reist i denne samanhengen.

Den andre planen er revidering av kommunedelplan for Markegardslia og Lykkja. Me har no sak til kommunestyret om oppstart av desse 3 nemnde planarbeida, der innleige av planleggingsfirma og finansiering av arbeidet er det me skal ta stilling til. Desse 3 planane vil koste ca. 1,7 mill. kroner i innleigd hjelp i tillegg til bruk av våre eigne folk. Dette er nødvendig arbeid for å få ei god utvikling av bygda vår, men det syner også at tilrettelegging for næringsliv og anna utvikling kostar.

Eg skreiv ikkje mykje om budsjettet før nyttår. Tek derfor litt om det no. Budsjettet er stramt, trass i at me fekk ein auke i sum rammeoverføring og skatt over landssnittet. Denne auken skuldast folketalsveksten, og at me derfor har fleire innbyggjarar som skal ha tenester.

Me har etter måten mange i barnehage og skule i høve til snittet, og me har færre eldre enn snittet. Det gjer at me må prioritere satsing på skule og barnehage, og ein stor del av totale rammer går dit. Likevel vil det nok for mange synast som det er for lite også der. Me vil ha gode tenester, noko me har, men me greier ikkje å gje maksimale tenester – kva no det måtte vera.

Me har full barnehagedekning. I det ligg at alle born som var 12 månader eller eldre den 1. september har plass. Dette er slik me er pålagt det skal vera, og me greier ikkje å ta inn yngre born fortløpande utover året. Bemanning og budsjett er lagt opp til det talet ungar me hadde 1/9 2011, men blir det ledige plassar så blir dei sjølvsagt fylt opp.

Investeringsbudsjettet er stort. Det er lagt inn tiltak for ca. 30 mill. der utvikling av bustadfeltet på Trøim Sør og Svøo III, nødvendige tiltak på vatn- og kloakkledningar og reinseanlegget på Ulsåk er dei 3 største tiltaka. I tillegg er det fleire mindre tiltak på teknisk sektor og 1,7 mill. til diverse bygningsmessige tiltak på Bygdaheimen. Sistnemnde er sak til kommunestyret no.

Det kostar å vekse, men det er moro òg. Det er ein spesiell situasjon for ei lita distriktskommune.

Ha ein fin vinter utover!

Helsing

Oddvar Grøthe, ordførar